



Årsmelding 2018

Styrets samansetning:

Verv	Namn	På val
Leiar	Eilin Reinaas	Nei
Nestleiar	Guro Gausemel	Ja
Kasserar	Roger Elvebu	Ja
UNG representant		
Styremedlem	Christer Nærø Torvik	Nei
Styremedlem	Jon Anders Skorpen	Ja
Varamedlem	Joakim Eiksund	Nei
Varamedlem	Irma Håvoll Sætre	Nei
Varamedlem	Ragnhild M. Bremnes	Ja

Valnemd

Leiar	Karim Longva	Ja
Valnemd medlem	Oddvar Marøy	Ja
Valnemd medlem	Sindre Slettestøl	Nei
Valnemd varamedlem	Kåre Myrene	Nei

Styrets arbeid i 2018:

Styremøte:

Vi har hatt 7 styremøter og handsama 47 saker i 2018.

Naust:

Begge nausta er no i drift, men det nye er ikkje ope for medlemmar, berre for aktivitetsleiarane. Det er aktivt i bruk under dugnanadar, kurs og treningar, og delvis innredd med sofa og bord. Vi har ikkje hatt tid til å innreie rom til tørrdraktane enno, men har planer om å få det gjort i 2019. Då har vi også planar om å åpne opp veggen mellom nausta.

Utstyr:

Vi har handla inn nokre nye tørrdrakter og mange nye padlesko, for sponsormidlane vi hadde att frå Sparebanken Møre. Vi har framleis nokre midlar att, som skal gå til fleire draktar og sko.

Vi har hatt fleire dugnadar på naustet i 2018 for å reparere slitasje og skadar på utstyr og kajakkar. Folk er flinke til å melde frå om skader og feil på utstyr ved utlån.

Aktivitetar 2018

Vi hadde 7 ordinære NPF Grunnkurs HAV i 2018, som vart haldne frå Jensholmen. Det vart halde ett NPF Grunnkurs for ungdom i sommarferien. Det vart halde 1 NPF Teknikkurs HAV.

HKK har i 2018 hatt 16 klubbturnar av ulik art.

Vi hadde også i 2018 bassengtreningar på Stokksund skule, som er særst populære. Frå nyttår og fram til påske var det 9 treningar, medan det var 11 frå hausten og fram til nyttår. Til saman har 35 medlemmar vore innom, og fleire av dei nær kvar gong.

I tillegg har det vore arrangert fleire treningar i sjøen ved slippen på Jensholmen, der det har vore trena teknikk, rulle o.l.

Kursaktiviteten har vore høgare i 2018 enn nokon gong tidlegare. Vi har også i 2018 avlyst fleire kurs grunna for få påmelde, men det kan skuldast kort varsel og/eller dårleg marknadsføring.

Vi deltok på UNG-festivalen i Herøy, og viste fram padleutstyr og orienterte om klubben sine tilbod. Vi har i tillegg arrangert ein prøv-å-padle dag på Jensholmen, der det var ca 15-20 personar innom. I tillegg har vi gitt tilbod om prøv-å-padle på klubbturnar o.l. til folk som vurderar å melde seg på kurs.

HKK deltok i Midt-norsk styre- og aktivitetsledersamling på Hitra 16. - 18. mars. Der vart det workshops på land, padling i grov sjø og diskusjonar om saker vi ønskjer å ta opp på Padletinget i 2019. Medlemmar frå HKK var også i 2018 til stades på Gloppen Padleklubb sitt årlege Surfesymposium i Hoddevika på Stadt, og på Trondhjems kajakkklubb sin årlige samling på Stokkøya.

Medlemstal for 2018

Klubben hadde 271 betalande medlemmar i 2018, mot 227 i 2017.

Styret i Herøy Kajakklubb

Eilin Reinaas, leiar

Guro Gausemel, nestleiar

Roger Elvebu, kasserar

Christer Nærø Torvik, styremedlem

Jon Anders Skorpen, styremedlem

Joakim Eiksund, varamedlem

Irma Sætre Håvoll, varamedlem

Ragnhild Margrete Bremnes, varamedlem